



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Gymsalen, Mork skule  
**Dato:** 27.04.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknæs	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Åshild Vik	Medlem	SV



## VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Hild Våge	AP
Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn PS 42/17	H
Einar Børtveit	Arild Iversen	KRF
Margaret Theresa R. Kornberg	Margrete Bjerkvik	KRF
Inge Alexander Bruheim	Henning Holsvik	KRF
Alf Jakobsen	Åshild Vik	SV
Idar Flo	Fride Schjølberg Sortehaug	V

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, OS 28/17
Tor Vegard Søvik	Eigedom, OS 28/17
Torgeir Stensø	Utvikling, PS 42/17
Ingunn Gjengedal	Ass. helse- og omsorgssjef, PS 44/17 og PS 45/17

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 40/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 41/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll for møta 02.03.2017 og 30.03.2017</b>
OS 28/17	<b>Synfaring i området Mork skule og barnehage</b>
PS 42/17	<b>Reguleringsplan turveg Rotevatnet - handsaming etter offentlig ettersyn</b>
PS 43/17	<b>Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass</b>
PS 44/17	<b>Utfordringar knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader</b>
PS 45/17	<b>Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter</b>
PS 46/17	<b>Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino</b>



## VOLDA KOMMUNE

- PS 47/17      **Breiband/fiber Volda – Grodås**
- PS 48/17      **Finansrapport 2016 (passiva)**
- PS 49/17      **Årsmelding og skatterekneskap for 2016**
- PS 50/17      **Årsmelding for kontrollutvalet for 2016**
- PS 53/17      **Frikjøp av tillitsvalte**
- PS 51/17      **Orienteringssaker**
- OS 29/17      **Oversikt over tiltak som skal gjennomførast i høve renovering av samfunnshuset – EPC**
- OS 30/17      **Årsrapport 2016 frå arbeidsmiljøutvalet**
- OS 31/17      **Årsrapport om bruk av bedriftshelseteneste i Volda kommune 2016 frå Stamina Helse**
- PS 52/17      **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 52/17      **Ferdigattest , bustad Gbr 12/3**
- DS 53/17      **Rammeløyve, tilbygg Gbr 13/95**
- DS 54/17      **Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 15/20**
- DS 55/17      **Løyve til endring Gbr 17/194**
- DS 56/17      **Ferdigattest Gbr 17/194**
- DS 57/17      **Løyve til tiltak påbygg garasje Gbr 18/246**
- DS 58/17      **Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/158**
- DS 59/17      **Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/20**
- DS 60/17      **Rammeløyve, veranda Gbr 19/519**
- DS 61/17      **Løyve til tiltak, veganlegg Håmyra- gbr 19/764**
- DS 62/17      **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 21/157**
- DS 63/17      **Igangsettingsløyve Gbr 30/421**
- DS 64/17      **Igangsettingsløyve Gbr 30/185**
- DS 65/17      **Ferdigattest, hytte aldalen Gbr 37/1**
- DS 66/17      **Løyve til tiltak, bruksendring gbr 48/4**
- DS 67/17      **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 58/11**
- DS 68/17      **Løyve til endring Gbr 146/42**



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 40/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Det var 27 møtande ved møtestart.

Gunnar Strøm kom med framlegg om Odd Harald Sundal som settevaraordførar. Odd Harald Sundal vart samrøystes valt til settevaraordførar.

#### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 20.04.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 22.04.2017.

Dokument lagt ut på lesebretta den 21.04.2017:  
PS 53/17 Frikjøp av tillitsvalte

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:  
Innkallinga vart samrøystes godkjent.

#### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om at sak PS 53/17 vert sett på saklista.

Røysting sakliste:  
Saklista, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

### **PS 41/17 Godkjenning av møteprotokoll for møta 02.03.2017 og 30.03.2017**

#### **Handsaming:**

Møteprotokoll 02.03.2017:  
Møteprotokollen for møtet den 02.03.2017, vart samrøystes godkjent.

Møteprotokoll 30.03.2017:  
Med bakgrunn i Reglement for styre, nemnder, råd og utval – kommunestyret punkt 18, reiste Odd A. Folkestad spørsmål om legaliteten til møteprotokollen frå 30.03.2017, i sak PS 35/17.

Møteprotokollen for møtet den 30.03.2017, vart godkjent med 23 røyster, 4 røysta imot.

### **OS 28/17 Synfaring i området Mork skule og barnehage**

Tor Vegar Søvik frå eigedomsavdelinga og oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik hadde synfaring på området Mork skule og barnehage.



## PS 42/17 Reguleringsplan turveg Rotevatnet - handsaming etter offentlig ettersyn

### Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

1. *I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*
2. *Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.*

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om sin habilitet, han er grunneigar i planområdet, jf. fvl. § 6, 1.ledd, a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjent inhabil.

Vara Ivar-Otto Kristiansen tok sete.

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

*I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*

Volda Frp, ved Roald Espset, kom med slikt framlegg:

*Med bakgrunn i innkomne merknader og dei tilhøva desse både direkte og indirekte synleggjer vert detaljreguleringsplan for turveg rundt Rotevatnet ikkje godkjent. Regulerings-saka vert å avslutte.*

Idar Flo, Venstre, kom med slikt endringsframlegg:

*I samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet – slik det går fram av justerte plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 – godkjent med unntak av området frå og med LNF – LF3 til og med GF3 («Bukta») der alternativ trase for turveg vil vere den oppgraderte Botnavegen.*

Idar Flo trekte framlegget sitt.

Det vart halde gruppemøte.

Erlend Krumsvik trekte framlegget sitt.

Odd A. Folkestad bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Framlegget frå Frp fekk ni røyster, 18 røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 1 fekk 18 røyster, ni røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 2 fekk 13 røyster, 14 røysta imot.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting** (27 røysteføre):

Framlegget frå Frp fekk ni røyster og fall, 18 røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 1 fekk 18 røyster og vart vedteken, ni røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 2 fekk 13 røyster og fall, 14 røysta imot.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

*I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*

Sindre Rotevatn tok sete og vara Ivar-Otto Kristiansen gjekk.

### **PS 43/17 Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre ser positivt på aktiviteten rundt Hjartåbygda Skyttarlag, og løyver 300.000 kr. I tilskot til å opparbeide vegen til skytebana. Dette for at tildelte tippemidler skal bli utløyst. Inndekning frå ubundne driftsfond.*

#### **Handsaming:**

### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

*Volda kommunestyre ser positivt på aktiviteten rundt Hjartåbygda Skyttarlag, og løyver 300.000 kr. I tilskot til å opparbeide vegen til skytebana. Dette for at tildelte tippemidler skal bli utløyst.*

*Inndekning frå ubundne driftsfond.*



## **PS 44/17 Utfordringar knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader**

### **Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk.*
- 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året.*
- 3. Kommunestyret syner til oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga med fokus på leiing, arbeidsmiljøutvikling og kompetanseutvikling for å styrke meistringsorientert leiing og arbeidsmiljø. Kommunestyret vil vurdere auka ressursar til tiltak retta inn mot overordna måloppnåing.*

### **Handsaming:**

Ass. helse- og omsorgssjef Ingunn Gjengedal var til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

- 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastningstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk.*
- 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året.*
- 3. Kommunestyret syner til oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga med fokus på leiing, arbeidsmiljøutvikling og kompetanseutvikling for å styrke meistringsorientert leiing og arbeidsmiljø. Kommunestyret vil vurdere auka ressursar til tiltak retta inn mot overordna måloppnåing.*

## **PS 45/17 Vurdering av takst i høve matpengar ved Hamna dagsenter**

### **Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:**

*Matpengane ved Hamna dagsenter har ikkje vore endra sidan 2015 og kommunestyret har i K-sak 166/16 vedteke å fasthalde dette nivået også for 2017. Formannskapet syner til*



## VOLDA KOMMUNE

*saksutgreiinga og finn ikkje å ta initiativ til ny handsaming av matpengane for Hamna dagsenter for 2017.*

### **Handsaming:**

Ass. helse- og omsorgssjef Ingunn Gjengedal var til stades under handsaminga av saka.

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om sin habilitet, han er far til ein brukar på Hamna, jf. fvl. § 6. 2.1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om sin habilitet, ho er mor til ein brukar på Hamna, jf. fvl. § 6. 2.1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Per Svein Krøvel vart kjent inhabil med 24 røyster, ein røysta imot.

Sølvi Dimmen vart kjent inhabil med 24 røyster, ein røysta imot.

Rebecca Riise Bjercknes kom med slikt oversendingsframlegg:

*Kommunestyret ber om at saka blir betre utgreidd og sendt til driftsstyret for handsaming i god tid før behandling av budsjett for 2018.*

**Røysting** (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Oversendingsframlegget frå Rebecca Riise Bjercknes vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

*Matpengane ved Hamna dagsenter har ikkje vore endra sidan 2015 og kommunestyret har i K-sak 166/16 vedteke å fasthalde dette nivået også for 2017. Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn ikkje å ta initiativ til ny handsaming av matpengane for Hamna dagsenter for 2017.*

**Oversendingsframlegg til driftsstyret:**

*Kommunestyret ber om at saka blir betre utgreidd og sendt til driftsstyret for handsaming i god tid før behandling av budsjett for 2018.*

Per Svein Krøvel og Sølvi Dimmen tok sete.





## VOLDA KOMMUNE

### **PS 46/17 Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til planlegging i samband med utgreiing av kulturhus og kino i sambruksløyising i samarbeid med Høgskulen sitt nye mediebygg på Campus. Løyvinga vert dekt over formannskapet sin disposisjonspost.*

#### **Handsaming:**

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

*Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til planlegging i samband med utgreiing av kulturhus og kino i sambruksløyising. Løyvinga vert dekt over formannskapet sin disposisjonspost.*

Volda FrP, Roald Espset, kom med slikt framlegg:

1. *Kommunestyret løyver kr. 250.000,- til planlegging og klargjering av utlysing av anbod på nytt kulturhus i Volda. Dette skal primært bygge på utgreiingar og prinsipp som vart gjennomførte ved førre utlysing av tilsvarande løyising.*

*Løysinga må oppdaterast og tilpassast kommunen sit noverande tilbod, men skal og synleggjere framtidige tilretteleggingar som kan medføre et enda meir styrka kulturtilbod. Løysinga kan basere seg på modell for både eige, leige og andre former for samspel, og skal primært utløyse synergjar og meirverdi slik det var skissert i førre utlysingsrunde.*

2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å fremje framlegg til utlysing til f.k. kommunestyremøte.*
3. *Frist for tilbod skal settast slik at det vil vere mogleg å vidareføre ei alternativ løyising på Campus dersom ikkje framkjem alternative løysingar.*

Erlend Krumsvik, Krf, kom med framlegg om nytt punkt 2:

*Kommunestyret ber om at det blir gjennomført ei begrensa anbodskonkurranse knytt til den samla løyvinga.*

Dan Helge Bjørneset trekte framlegget sitt.

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Framlegget frå Roald Espset fekk ei røyst og falt. 26 røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk seks røyster og falt. 21 røysta imot.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 27.04.2017**

*Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til planlegging i samband med utgreiing av kulturhus og kino i sambruksløyising i samarbeid med Høgskulen sitt nye mediebygg på Campus. Løyvinga vert dekt over formannskapet sin disposisjonspost.*



## PS 47/17 Breiband/fiber Volda - Grodås

### Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOM-ordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastigheitsnett for husstandar på strekninga Grodås – Volda.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus.*
- 3. Kommunestyret ser begge ordningane under punkt 1 og 2 i samanheng for å få til tilfredsstillande løysing for etablering av fiber/breiband mellom administrasjonsbygga i ny kommune, og er innforstått med at dei statlege tilskotsordningane føreset kommunal eigenfinansiering. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)*

### Handsaming:

Volda Frp, ved Edvin Dale, kom med slikt framlegg:

- 1. Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOMordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastigheitsnett for husstandar til bygder i kommuna som ikkje innehar dette.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman*
- 3. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)*

Edvin Dale trekte framlegget sitt.

### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:

- 1. Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOM-ordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastigheitsnett for husstandar på strekninga Grodås – Volda.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus.*
- 3. Kommunestyret ser begge ordningane under punkt 1 og 2 i samanheng for å få til tilfredsstillande løysing for etablering av fiber/breiband mellom administrasjonsbygga*



## VOLDA KOMMUNE

*i ny kommune, og er innforstått med at dei statlege tilskotsordningane føreset kommunal eigenfinansiering. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)*

### **PS 48/17 Finansrapport 2016 (passiva)**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:**

*Finansrapport 2016 (passiva) vert teken til vitende.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017**

*Finansrapport 2016 (passiva) vert teken til vitende.*

### **PS 49/17 Årsmelding og skatterekneskap for 2016**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2016 til vitende.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

*Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2016 til vitende.*

### **PS 50/17 Årsmelding for kontrollutvalet for 2016**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek til vitende årsmeldinga for kontrollutvalet for 2016.*

#### **Handsaming:**



## VOLDA KOMMUNE

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

*Kommunestyret tek til vitende årsmeldinga for kontrollutvalet for 2016.*

**PS 53/17 Frikjøp av tillitsvalte**

**Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 20.04.2017 til kommunestyret:**

- 1. Etter drøftingar med dei tillitsvalte godkjenner kommunane Hornindal og Volda frikjøp av tillitsvalte grunna meirarbeid knytt til kommunesamanslåinga.*
- 2. Det vert gjeve likt frikjøp til dei 4 organisasjonane som vert representert i Partssamansett utval (PSU).*
- 3. Frikjøpet vert fastsett til 15 % til kvar av organisasjonane i kvar av dei to kommunane – til saman 60 %.*
- 4. Frikjøpet skal dekkjast av dei midlane førebels fellesnemnd har til disposisjon.*
- 5. Frikjøpet gjeld frå 20. april 2017 og skal vurderast på nytt når endeleg Fellesnemnd og prosjektleiar er formelt på plass.*
- 6. Ein føreset at prosjektleiar syt for å kalle inn og gjennomføre felles drøftingar så snart som råd etter at denne har formelt tiltrådt.*
- 7. Vedtaket går vidare til endeleg godkjenning i kommunestyra i Hornindal og Volda.*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå mellombels fellesnemnd vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:**

- 1. Etter drøftingar med dei tillitsvalte godkjenner kommunane Hornindal og Volda frikjøp av tillitsvalte grunna meirarbeid knytt til kommunesamanslåinga.*
- 2. Det vert gjeve likt frikjøp til dei 4 organisasjonane som vert representert i Partssamansett utval (PSU).*
- 3. Frikjøpet vert fastsett til 15 % til kvar av organisasjonane i kvar av dei to kommunane – til saman 60 %.*
- 4. Frikjøpet skal dekkjast av dei midlane førebels fellesnemnd har til disposisjon.*
- 5. Frikjøpet gjeld frå 20. april 2017 og skal vurderast på nytt når endeleg Fellesnemnd og prosjektleiar er formelt på plass.*
- 6. Ein føreset at prosjektleiar syt for å kalle inn og gjennomføre felles drøftingar så snart som råd etter at denne har formelt tiltrådt.*
- 7. Vedtaket går vidare til endeleg godkjenning i kommunestyra i Hornindal og Volda.*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 51/17 Orienteringssaker**

**OS 29/17 Oversikt over tiltak som skal gjennomførast i høve renovering av samfunnshuset - EPC**

**OS 30/17 Årsrapport 2016 frå arbeidsmiljøutvalet**

**OS 31/17 Årsrapport om bruk av bedriftshelseteneste i Volda kommune 2016 frå Stamina Helse**

### **PS 52/17 Delegerte saker frå avdelingane**

DS 52/17 Ferdigattest , bustad Gbr 12/3DS 53/17 Rammeløyve, tilbygg Gbr 13/95

DS 54/17 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 15/20

DS 55/17 Løyve til endring Gbr 17/194

DS 56/17 Ferdigattest Gbr 17/194

DS 57/17 Løyve til tiltak påbygg garasje Gbr 18/246

DS 58/17 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/158

DS 59/17 Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/20

DS 60/17 Rammeløyve, veranda Gbr 19/519

DS 61/17 Løyve til tiltak, veganlegg Håmyra- gbr 19/764

DS 62/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 21/157

DS 63/17 Igangsettingsløyve Gbr 30/421

DS 64/17 Igangsettingsløyve Gbr 30/185

DS 65/17 Ferdigattest, hytte aldalen Gbr 37/1

DS 66/17 Løyve til tiltak, bruksendring gbr 48/4

DS 67/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 58/11

DS 68/17 Løyve til endring Gbr 146/42

Rett utskrift,

Volda kommune, servicekontoret

28.04.2017

Sonja Håvik  
konsulent